

Ny runde om hjorte-foredling

04.04.2011



Svein Ottar Rørheim første jaktdag i 2009 (Foto: Ola Matti Mathisen)

I januar vedtok formannskapet med knappast mogeleg fleirtal - 5 mot 4 - å nytta 30.000 kroner av viltfondet til foredling av hjortevilt. Vedtaket vekte stor interesse også i Uskedalen, men det var sterkt delte meiningar om det.

Denne veka, nærmare bestemt torsdag, blir det ein ny runde om temaet i formannskapet etter klage frå Omvikdalen Bondelag og Hjortefot hjortevald. Dei hevdar at bruk av midlar frå viltfondet til foredling av hjortekjøt ikkje er i samsvar med reglane for bruk av fondet.

Dei får medhald av administrasjonen som visar til gjeldande regelverk for viltfondet og er samd med klagarane at midlane ikkje kan nyttast slik det er vedteke.

Utifrå forskrifta om fondet er det ikkje mogeleg å gje tilskot som går ut på næringsutvikling/foredling, Slike tiltak kan søkje tilskot og finansiering gjennom næringsfond og/eller Innovasjon Norge, skriv administrasjonen.

Fondet skal nyttast til å fremma viltforvaltning, styrka kunnskapen og viltet, jaktorganisering i kommunen og nabokommunar gjennom samarbeid, dekke utgifter til ettersøk og forebygga skader på landbruksnæringa som hjorten har voldt..

Dei 4 som stemte i mot sist var Synnøve Solbakken (Ap), Arne Havnerås (H), Gunn Mari Moberg (H) og Otto Benjaminson (Krf). Øyvind Hardeland (Ap) sette fram forslaget om løyvinga frå fondet. Friheim vart trukke fram som døme på lokal hjortekjøtproduksjon.

Onsdag denne veka blir det eit temamøte om hjort i Kommunestyresalen. Gunnar Nagell Dahl, som er matattaché hos Fylkesmannen, vil under møtet ha eit innlegg om hjortekjøt som grunnlag for produksjon av lokal mat.

Av Ola Matti Mathisen